

Soknerådsmøte i Moster sokneråd

tysdag 06.03.18 kl.19:00

Desse møtte: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Inger Marie Gjerde, Per Harald Gjerde, Elin Taranger, Mona Ingvaldsen Hodne, Aksel Lygre.

Sak 19 – 2018 Godkjenning av innkalling og møtebok av 13.02.18

Innkalling og møtebok godkjend.

Sak 20 – 2018 Oppfylging av tidlegare saker.

- Bønesamlingar før gudstenester: Forslag til fast bøneline og folk som kan spørjast om å leia samlingane vart lagd fram. Soknerådsleiar vil ta kontakt med kandidatane.
Plan for bønesamling godkjend.
- **Konfirmasjonsfest:**
Komitèen vil ha eit planleggingsmøte så snart det let seg gjere.
- **Siste praktiske førebuingar og avtalar før årsmøte:**
Hugselista frå soknerådsmøtet den 23.01.18 vert ståande. Ei endring: Gunnvald Bjotveit takkar til slutt på vegne av soknerådet.

Sak 21 – 2018 Medarbeidarfest hausten 2018.

Den 18.10.2018 vart fastsett som dato. Stad: Håvik bedehus. Komitè: Elin, Rune, Inger Marie. (Elin spør Berit.)

Sak 22 – 2018 Evaluering av helga med besøk frå Estland.

Soknerådet hadde ein kort samtale og evaluering i samband med besøket frå vennskapskyrkjelyden i Sangaste. Det var ei kjekk helg. Ekstra kjekt at det var folk frå alle sokneråda denne helga.

Sak 23 – 2018 Høyring om liturgireforma.

Vedtak: Med små justeringar og presiseringar seier soknerådet seg samd i kyrkjestaben sin respons, og vedtek dette som sitt høyringssvar (Sjå vedlegg.)

Sak 24 – 2018 Møte for kreativ drøfting og planlegging av kyrkjelydsarbeidet i Moster sokn.

Prosten har lansert tema «kyrkjelydsbygging» som fokus i prostiet dette året. Me har i Moster sokn også drøfta dette i fleire samanhengar.

Soknerådet tek dette med seg på årsmøtet til drøfting der. Dato og setting vert så sett etter årsmøtet.

Sak 25 – 2018 KN-aksjonen den 20.03.2018

Kort avklaring av ansvar og oppgåver.

Konfirmantforeldre, og e.v.t. andre må innvolverast til å gå med bøsser.

Dette kan gjerast t.d. på årsmøtet og gudstenesta den 18.03.2018

Sak 26 – 2018 Referat og meldingar

- Dugnad ved Landmark Maskin – inngangsparti: Det formelle og praktiske er no på plass.
- Samrådsmøte vert den 17.04. med bedehusa. Invitasjon må også sendast til kyrkjemusikalsk utval. Cellegruppe-konseptet bør diskuterast med bedehusa.
- Godkjenning av orgelkomité og mandat godkjend. Orgelkomitèen kan dermed kallast inn.
- Brev frå fellesrådet til biskop og kyrkjeråd ang. soknemøte. Orientering.

Sak 27-2018 Gudstenestelista

-Gudstenestelista godkjend.

Sak 28 -2018 Fornyng av Konfirmantkapper

Det bør vere eit betre utval i storleikar. Ansvarleg: Mona og Elin

Sak 29-2018 Framlegg til budsjettpostar frå Moster sokn

Sak på neste soknerådsmøte.

Per Harald Gjerde
Skrivar